

Rapport frå arbeidet med sti- og løypeplanen for Vik kommune 2020-2025

Vedlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2037

Vik, 27.1.2026

Versjon 1



Foto: Fresvikbreen sett frå Rambera

Bakgrunn for rapporten

Arbeidet med sti- og løypeplanen blei starta opp med mål om eit temaplan. Undervegs i arbeidet blei det avgjort at planen i staden skal innarbeidast i samfunnsdelen til kommuneplanen. Såleis vedtek Vik kommune no i 2026 ikkje ein sti- og løypeplan. Men nokre av måla og forslag til tiltak i planen inngår i kommuneplanen, og bør også vurderast som tiltak i økonomiplanen 2027-2030 og budsjettet for 2027.

Arbeidet med sti- og løypeplanen blei gjennomført etter miljødirektoratet sin [retteleiar](#) M-1292 *Plan for friluftslivets ferdselsårer*.

Dei viktigaste dokument frå arbeidet i sti- og løypeplanprosjektet er samla i denne rapporten, som er eit vedlegg – og også eit kunnskapsgrunnlag – for kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2037. Rapporten har også eit vedlegg, som er ein excel-fil med dei kartlagde stiar og løyper i kommunen, samt forslag for tiltak.

Desse dokument er:

- Prosjektplanen
- Oversikt over prioriterte tiltak
- Oppstartsvedtaket for den opphavlege temaplan

Til planarbeidet blei det også utarbeidd eit digitalt kart:

<https://www.kommunekart.com/klient/vik/loypeplan>

Ved neste revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen bør det vurderast på ny om det er føremålstenleg å implementere sti- og løypeplanen i kommuneplanen, eller om det vil fungerer betre med ein temaplan.

Vik, 27.1.2016

Karen Weichert

For prosjektgruppa for sti- og løypeplanarbeidet

Avdeling for plan og forvaltning

Sti- og løypeplan for Vik kommune – prosjektplan

5.1.2021, godkjent av rådmannen og avdelingsleiar plan og forvaltning

Revidert februar 2025

28.2.2025, godkjent av kommunalsjef for samfunn næring & kultur og avdelingsleiar plan og forvaltning

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune inviterte kommunane til å delta i eit nasjonalt prosjekt (2019-2023) for utarbeiding av ein plan for friluftslivet sine ferdselsårer, som mellom anna skal betre turveggar, turstiar, turløyper og turløyd i kommunane. Prosjektet er forankra i klima- og miljødepartementet sin Handlingsplan for friluftsliv (2018) og skal betre kunnskapsgrunnlaget for forvaltning og planlegging. Ein slik plan er ei naturleg vidareføring av arbeidet Vik kommune gjorde med kartlegging og verdsetting av friluftsområde (ferdig i 2019) og det nasjonale turskiltprosjektet (2014-2018) knytt til merking, gradering og skilting av turløyper. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar (M-1292) der arbeidet med planen er delt i fire steg.

I fylgje handlingsplanen til den interkommunale kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde 2016-2027 har Vik kommune ansvar for utarbeiding av ein sti- og løypeplan for sitt område. Den kommunale planstrategien 2025-2027 legg opp til at sti- og løypeplanen blir ein del av kommuneplanen sin samfunnsdel, som er under revisjon.

Mål for arbeidet

Fleire av måla er relatert til hovudfokus i Vik kommune sine folkehelseoversikt 2019 og 2023/2024:

- Vi vil auke fysisk aktivitet og betre psykisk helse for innbyggjarane i kommunen
- Vi vil legge betre til rette for heilårsfriluftsliv med låg terskel, spesielt for ungdom 13+ og eldre vaksne/seniorar
- Vi vil auke bulyst i kommunen, og gjere kommunen meir attraktivt som reisemål

Resultatmål:

- Vi vil ha minst ein tilrettelagt rundtur på veg, knytt til kvart bygdesentrum i kommunen
- Vi vil ha minst ei turrute i umiddelbar nærleik til alle eldresenter, skular og barnehagar i kommunen, tilpassa deira bruk
- Vi vil betre tilrettelegginga for nokre utvalde, krevjande turar

Avgrensing av arbeidet

Vik kommune har vald å avgrense arbeidet til turstiar, turveggar, turruter og målpunkt (t.d. parkering, rasteplassar, trafikknutepunkt) i kommunen, i staden for å la planen omfatte alle typar ferdselsårer. Planen skal i fyrste omgang inkludere fotturar og skiturar. Det skal vurderast



å ta med fleire bruksformar ved seinare revisjonar av planen. Geografisk skal planen dekke heile kommunen.

Organisatorisk forankring

Kommunestyret vedtok oppstart av arbeidet med sti- og løypeplan for Vik kommune i møtet 25.6.2020 (saksnr. 037/20). Planen er også omtalt i Vik kommune sin kommunal planstrategi 2024-2027. Planen skal jf. planstrategien inngå i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Organisering av arbeidet og medverknad

Vik kommune er prosjekteigar, og kommunedirektøren er prosjektansvarleg. Det er danna ei administrativ prosjektgruppe på tre personar: Turid K. Brekke, Britt-Marit Stadheim og Karen Weichert. Det er same arbeidsgruppa som har jobba med kartlegging av friluftslivsområde. Frå 2024 av blei Hilde-Gunn Hellen med i prosjektgruppa i staden for Britt-Marit Stadheim.

Prosjektgruppa ynskjer å ha med ei referansegruppe som består av:

- Arnafjord bygdelag
- Vangsnes bygdelag
- Feios bygdelag
- Fresvik bygdelag
- IL modig
- Vik IL
- Feios IL
- Vik turlag
- Bergen og Hordaland Turlag
- Voss utferdslag
- Strendene grunneigarlag
- Sogn friluftsråd

Medverknad i planprosessen blir sikra via medverknadsplanen for samfunnsdelen.

Økonomi

Vik kommune har fått løyvd eit tilskot på totalt 150.000 kr til arbeidet med sti- og løypeplanen.

Kommunen sitt bidrag vil vere arbeid med organisering og leiing av arbeidet med innsamling av informasjon, analyse og vurdering samt skrivning av sjølve planen. Tilskotsmidlane dekkjer ev. møtekostnader med referansegrupper og gjev også høve til å ev. lønne eksterne til å utføre deloppgåver i prosjektet.

Anna etterbruk

Sti- og løypeplanen vil vere eit kunnskapsgrunnlag for kommunen sitt folkehelsearbeid, for revisjon av kommuneplanen sin arealdel og for handsaming av spelemiddelsøknader. Arbeidet med planen vil ha ajourføring av enkelte kartbasar som bi-effekt, slik som FKB traktorveg-sti og den nasjonale databasen for tur- og friluftslivsruiter.



Framdriftsplan

25.1.2026

PA=prosjektansvarleg, PL=prosjektleder, PG=adm. prosjektgruppe, RG=referansegruppa

Milepel	Gjennomført	Ansvar	Oppgaver	Møte	Ferdig
Oppstart av arbeidet	25.6.2020	PA, PL	Lage sak til formannskap og kommunestyret	Vedteke i møte til KS 25.6.2020	ja
Søkje Fylkeskommunen om tilskot til steg 1 og 2		PL	Fylle ut søknadsskjema og sende	-	ja
Oppstart prosjektgruppe	oktober	PL, PG	Første møte i arbeidsgruppa	13.10.2020 16.10.2020	ja
Godkjent Prosjektplan	10. januar	PL, PG, PA			ja
Annonsering oppstart	januar	PL, PG	Informasjon om prosjektoppstart på kommunen sine nettsider og Facebook		ja
Kartlegging no-situasjon	Jan/feb	PG,RG	Lage manuskart		ja
Søkje Fylkeskommunen om tilskot til steg 3 og 4	Frist 15. feb. 2021	PL	Fylle ut søknadsskjema og sende		ja
Kvalitetssikring av mål	15.3.	PG,RG			ja
Ferdig med steg 1 og 2	31.3.				ja
Opphald i prosjektet pga. underbemanning i avdelinga					
Analyse av avvik mellom no-situasjon og mål	Januar 2025	PG			ja
Rapportering tilskot steg 1 & 2	Februar 2025	PL			ja
Forslag tiltak	Jan/feb 2025	PG,RG			ja
Vurdere og analysere tiltak opp mot måla	mars 2025	PG,RG			ja
Høringsutkast plandokument	Vinteren 2025/2026	PL, PG			ja
Høring (som del av samfunnsdelen til kommuneplan, KPS)	Våren 2026	PL, PA			
Vedtak av plan, som del av KPS	Vår/sommar 2026	PL, PA			
Publisering av planen	Sommar 2026	PL			



Sti- og løypeplan for Vik kommune



Tilrådte tiltak frå prosjektarbeidet 2020-2025

28.01.2026






Sti- og løypeplan for Vik kommune

Planen består i hovudsak av:

- Eit [digitalt kart](#) over kommunen med kartlagde turløyper (sommar og vinter) samt målpunkt
- To excel-ark, eitt med informasjon om løypene, og eitt med informasjon om målpunkta, samt forslag om tiltak og deira prioritering
- Alle traséar og tilhøyrande målpunkt har ein ID (døme: trasé ID 110, målpunkt ID 11001). ID'ane binder saman kart og tabell.
- Dei prioriterte tiltaka er i tillegg presentert i dette dokumentet.



Målpunkttype
Rasteplass
Aktivitetsområde
Parkering
Havn
Kollektivknutepunkt
Overnatting
Servering
Severdighet
Annet målpunkt

Identifikasjon		Beskrivelse av tilstand										Utvikling			
ID	Navn	Rutenummer	Status	Type trasé	Brukstype	Skiltet	Merket	Beskrivelse	Eier	Grunneier	Ansvar	Finansiering	Organisering	Kostnad	Prioritering
110	Ortnevik-Sylvarnes		Ekstremt	Hovedtrasé	Fotutt	Ja	Ja	En kort beskrivelse som skal stå på tema dekt eller i tabellen. (max 200 tegn). Stør fra Ortnevik til Sylvarnes, som tidligere har vært viktig ferdselsåre og skuleveg, går i kulturlandskap, på naturveg og i terrenget. Det er informasjonsskilt på gardene langs vegen.	Strendene	grunneierlag	Ja	Strendene	grunneierlag	Turkart	1
101	Sylvarnes-Vollviki		Ekstremt	Fogneringsmasse	Fotutt	Ja	Ja	Turute fra Sylvarnes til Vollviki er både ein turmoglegheit med base på Sylvarnes, og ein alternativ for på- eller avstiging frå den lokale punkten til Sylvarnes.	Strendene	grunneierlag	Ja	Strendene	grunneierlag	Turkart	1
102	Sylvarnes-Hanekam		Ekstremt	Hovedtrasé	Fotutt	Nei	Delvis	Gammel stierveg.	Ukjent						1
103	Sylvarnes-Ortnevik		Ekstremt	Fogneringsmasse	Fotutt	Nei	Delvis	Fogneringsmasse.	Ukjent						1



Mål for planarbeidet (jf. prosjektplanen) som tiltaka skal bidra til å nå:

Fleire av måla er relatert til hovudfokus i Vik kommune sine folkehelseoversikt 2019 og 2023/2024:

- Vi vil auke fysisk aktivitet og betre psykisk helse for innbyggjarane i kommunen
- Vi vil legge betre til rette for heilårsfriluftsliv med låg terskel, spesielt for ungdom 13+ og eldre vaksne/seniorar
- Vi vil auke bulyst i kommunen, og gjere kommunen meir attraktivt som reisemål

Resultatmål:

- Vi vil ha minst ein tilrettelagt rundtur på veg, knytt til kvart bygdesentrum i kommunen
- Vi vil ha minst ei turrute i umiddelbar nærleik til alle eldresenter, skular og barnehagar i kommunen, tilpassa deira bruk
- Vi vil betre tilrettelegginga for nokre utvalde, krevjande turar

Tilrådde tiltak

Resultatmål 1: Minst ein tilrettelagt rundtur på veg, knytt til kvart bygdesentrum i kommunen

Bygde-sentrum	Namn rundtur	Tiltak	Prioritering	Grunngjeving for prioritering
Vik	Sylvringen	Skiltkonsept, ny deltrasé, etablering start-/sluttpunkt, sitjemoglegheiter langs løypa	1	Fullføring av Sylvringen har lege på vent lenge. Høg prioritet kan legge trykk/vekt på prosessen. Det er sett av midlar på investeringsbudsjettet til å jobbe med dette tiltaket. Sylvringen er eitt aktuelt prosjekt som kommunen kan søkje tilskot til i ordninga «Eg gjekk ein tur på stien». Ordninga går over 4 år (2024-2027).
Vik	Hovsåsen rundt	Gapahuk/bålplass på Hovsåsen, erstatte skilt som manglar	2	Det vil vere ei tydeleg oppgradering av turen som per i dag ikkje har «turmål», og som kan gje mange fleire brukarar.
Arnafjord	Gamle Tennesvegen	Plakat med QR-kode	3	Tiltaket bør vere lett å gjennomføre uansett prioritering
Feios	Feios kulturløype	Oppgradering av stien frå Osen til Kleivane, Vedlikehald/oppgradering av stien ved Sandgota, leggje turen på UT.no, Plakat med QR-kode	4	Kulturløypa får ein betre og meir heilskapleg trasé, og blir enklare å bruke.

På Strendene var det ikkje mogleg med rundtur pga. geografien. Rundturane i Fresvik og på Vangsnes blei vurdert til å ikkje trenge tiltak.

Resultatmål 1: Minst ein tilrettelagt rundtur på veg, knytt til kvart bygdesentrum i kommunen

Forslag tiltak **Sylvringen**:

- **Ny deltrasé.** ID 140: Føreslege delvis erstatta med ny trasé ID 244, ned Hovereina og fram til Fv5601/gangvegen ved start Seljestokkane (Oksavollen).
- **Revurdere heilskapleg konsept for skilting**
- **Kristianhus som start- og sluttunkt for Sylvringen.** Difor er det også forslag om nye traséar ID 182, 197 og 199 som siste etappe.
- **Supplere med fleire sitjemoglegheiter langs Sylvringen**, slik at det blir mindre avstand mellom dei eksisterande

Deltraséar:

- ID 142 Torget - Vik aktivitetspark
- ID 146 Vik aktivitetspark - Hove kyrkje
- ID 186 Kålhagen - Hopperstad
- ID 187 Brødrehaugane
- ID 140 Moane-Vik sentrum via Vange

Andre interesser: I gjeldande reguleringsplan Hove-Moahaugane-Hopperstad er ny trasé lagt inn langs vestsida av Vikja, mens det her er foreslått ny trasé langs austsida.

Eigedomsforhold: Må avklarast når plassering av traséen er avklart.

Miljøverdiar: Omsyn til vassdraget og kantsone, omsyn til jordbruk


Trafikktryggleik: Problematiske punkt er Vange bru (ikkje fortau, smal bru) og ved Linn Bad (uavklart gangmønster)

Fordelar:

- Heilskapleg turveg, nesten utan biltrafikk, store delar er universell utforma, p-plass ved startpunktet.
- Vil også vere meir attraktiv for andre grupper, t.d. turistar
- Fleire kan ta i bruk heile Sylvringen (kvilepunkt)

Ulemper:

- Krevjande planlegging og prosjektering, og avtalar med grunneigarar må på plass
- Større kostnad



Resultatmål 1: Minst ein tilrettelagt rundtur på veg, knytt til kvart bygdesentrum i kommunen

Forslag tiltak **Hovsåsen rundt:**

- **Gapahuk/bålplass på Hovsåsen**, slik at turen får eit turmål.
- **Erstatte retningskilt i Kålhagen** som er blitt borte.

Eigedomsforhold: Må avklarast med grunneigar

Miljøverdiar: Enkel tilrettelegging bør ikkje vere i konflikt med miljøverdiar

Fordelar:

- Turen får eit turmål (der ein kan legge inn eit opphald, ha aktivitetar)
- Turen, eller delar av den, kan bli meir attraktiv for barnefamiljar og andre, t.d. turistar
- Utsiktspunktet kan bli attraktivt i samband med SoMe


Ulemper:

- Forutsett grunneigaravtale
- Kostnad
- Krev avtale om vedlikehald/tilsyn

Deltraséar:

ID 146 Vik aktivitetspark - Hove kyrkje

ID 171 Hove kyrkje - Vik aktivitetspark via Hovsåsen



Resultatmål 1: Minst ein tilrettelagt rundtur på veg, knytt til kvart bygdesentrum i kommunen

Forslag tiltak **Gamle Tennesvegen:**

- **Plakat med info om turen på UT.no** (QR-kode, samarbeid med turistinformasjonen).

Eigedomsforhold: Plassering av plakat må avklarast med grunneigar (Turstartpunkt? Skredstova? Kaia? Butikken?)

Miljøverdiar: Sjølvie Gamle Tennesvegen er eit kulturminne. Tiltaket blir vurdert til å ikkje føre til so stor ferdselsauke, at det vil vere stor fare for slitasje.



Trafikktryggleik: Traséen langs fylkesveg er smal men relativt lite trafikkert.

Fordelar:

Løypa kan bli betre kjent
Låg kostnad

Ulemper:

Ingen kjende



Resultatmål 1: Minst ein tilrettelagt rundtur på veg, knytt til kvart bygdesentrum i kommunen

Forslag tiltak **Feios kulturløype** :

- **Oppgradering av stien frå Osen til Kleivane**
- **Vedlikehald/oppgradering av stien ved Sandgota**
- **Legge turen på UT.no**
- **Plakat med info om turen på UT.no (QR-kode) på butikken i Feios og ev. andre plassar.**

Eigedomsforhold: Tiltak 1, 2 og 4 må avklarast med grunneigar. Tiltak 3 må avklarast med Vik turlag.


Andre interesser: ingen kjende

Fordelar:

Løypa kan bli betre kjent og får betre trasé

Ulemper:

Ingen kjende



Resultatmål 1: Minst ein tilrettelagt rundtur på veg, knytt til kvart bygdesentrum i kommunen

Forslag tiltak **Fresvik kulturløype/Folkestien:**


Ikkje noko tiltak føreslege

Deltraséar:

ID 196 Fresvik kulturløype/folkestien

ID 238 Fresvik ungdomshus - Jensagjerdet

Resultatmål er nådd



Resultatmål 1: Minst ein tilrettelagt rundtur på veg, knytt til kvart bygdesentrum i kommunen



Forslag tiltak **Vangsnes:**

Ikkje noko forslag om tiltak

Resultatmål er nådd

Deltraséar:

- ID 204 Vangsnes kyrkje - Tråna
- ID 202 Sløyfa frå Bygdavegen via barnehagen på Vangsnes
- ID 201 Krossen-kaia via Midthun
- ID 203 Fridtjovsvegen via Fridjovparken og Vangsnes kyrkje
- ID 255 Trona - skogsbilvegen til Høgretjørni
- ID 154 Vangsnes barnehage – Høgretjørni (delar av den)



Resultatmål 2: Minst ei turrute i umiddelbar nærleik til alle eldresenter, skular og barnehagar i kommunen, tilpassa deira bruk

Startpunkt	Tiltak	Prioritering	Grunngjeving
Vik helse- og omsorgssenter	Benker/sitjeplassar med jamne avstand som kvilepunkt, tilpassa eldre sine behov	1	Tiltak for løype VHO vil vere til hjelp for at fleire kan ta i bruk løypa
Feios oppvekstsenter	Ny trasé Turveg Rinde	2	Turveg Rinde er avklart i plan, men krev arealerverv og har relativ stor kostnad.
Flatbygdi skule	-	-	
Fresvik Enspire skule/ Fresvik barnehage	-	-	
Vik barnehage	-	-	
Vik barnehage, avd. Bødalen	-	-	
Vik barnehage, avd. Vangsnes	-	-	

Resultatmål 2: Minst ei turrute i umiddelbar nærleik til alle eldresenter, skular og barnehagar i kommunen, tilpassa deira bruk

Forslag tiltak for startpunkt **VHO**:

Benker/sitjeplassar med jamne avstand som kvilepunkt, tilpassa eldre sine behov

Eigedomsforhold: Må avklarast når ynskje om plassering av benkane er avklart, krev grunneigaravtale

Miljøverdiar: Mindre relevant sidan truleg gråe areal

Trafikktryggleik: Benkeplassering må vere trygg

Deltraséar:

ID 191 Vikjatunet - Raudekorsgarasjen

ID 240 Røysavegen – Øenvegen


ID 241 Øenvegen - Rv13

ID 242 Kaikanten - Flatbygdi skule

ID 188 Vik Fengsel – Hopra

Fleire moglegheiter på turruter på asfalt eller grusa turveg, til dømes:

- VHO – Borgstova - langs Hopra til Vik stadion – VHO
- VHO – strandpromenaden – Øyri – Tomtebu – VHO
- VHO – Bringebærhagen – Røysavegen – Vik fengsel – VHO



Resultatmål 2: Minst ei turrute i umiddelbar nærleik til alle eldresenter, skular og barnehagar i kommunen, tilpassa deira bruk

Forslag tiltak for startpunkt **Feios oppvekstsenter:**


Ny trasé: ID 247 Turveg Rinde

Fordelar:

Turvegen ligg i gjeldande reguleringsplanen Rinde og Fedjane
Samband mellom oppvekstsenteret og Rindesfjõra

Ulemper:

Krev arealerverv




Deltraséar:

- ID 231 Feios skule – Fedjane
- ID 229 Ungdomshuset Feios – Fedjane
- ID 230 Haugane – Dregahovden
- ID 233 Fylkesvegen – Rindesfjõra
- ID 234 Tilkomst friområde Rinde
- ID 232 Feios skule – Osen
- ID 195 Feios kulturløype (delar)
- ID 228 Snarveg Osen – Åfetvegen

Fleire moglegheiter på turruter, minst mogleg på bilveg, til dømes:

- Skulen – Fedjane
- Skulen – Fedjane – Haugane – Dregahovden
- Skulen – Fedjane – Haugane – ungdomshuset – skulen
- Skulen – Osen – snarvegen til Åfetvegen



Resultatmål 2: Minst ei turrute i umiddelbar nærleik til alle eldresenter, skular og barnehagar i kommunen, tilpassa deira bruk

Startpunkt: Flatbygdi skule

Ikkje noko forslag om tiltak

Resultatmål er nådd

Fleire moglegheiter på turruter, kanskje minst mogleg på bilveg, til dømes:

- Skulen – Brødrehaugane – langs Hopra til Vik stadion – skulen
- Skulen – Kålhagen – Moahaugane – Vik fengsel - skulen

Deltraséar:

ID 242 Kaikanten - Flatbygdi skule (delar)
ID 142 Borgstova - Vik aktivitetspark (delar)
ID 187 Brødrehaugane
ID 188 Vik fengsel – Hopra (delar)
ID 222 Vik Stadion - Vik helse- og omsorgssenter
ID 146 Vik aktivitetspark – Hove kyrkje (delar)
ID 140 Moane – Vik sentrum via Vange (delar)





Resultatmål 2: Minst ei turrute i umiddelbar nærleik til alle eldresenter, skular og barnehagar i kommunen, tilpassa deira bruk

Startpunkt: **Fresvik Enspire skule/ Fresvik barnehage**

Ikkje noko forslag om tiltak

Resultatmål er nådd


Fleire moglegheiter på turruter, til dømes:

- Skulen – kaia
- Folkestien (stor eller liten runde)

Deltraséar:

ID 196 Fresvik kulturløype/folkestien

ID 238 Fresvik ungdomshus – Jensagjerdet





Resultatmål 2: Minst ei turrute i umiddelbar nærleik til alle eldresenter, skular og barnehagar i kommunen, tilpassa deira bruk

Startpunkt: **Vik barnehage**

Ikkje noko forslag om tiltak

Resultatmål er nådd


Fleire moglegheiter på turruter, minst mogleg på bilveg, til dømes:

- Barnehagen – Vetlevegen – Deievollen – gangbru over Vikja – Industrivegen – barnehagen
- Barnehagen – Vetlevegen – elvestien – Industrivegen – barnehagen

Deltraséar:

ID 182 Vetlevegen-Seimsvegen

ID 183 Elvestien Vange bru - Linn Bad



Resultatmål 2: Minst ei turrute i umiddelbar nærleik til alle eldresenter, skular og barnehagar i kommunen, tilpassa deira bruk

Startpunkt: **Vik barnehage, avd. Bødalen**

Ikkje noko forslag om tiltak

Resultatmål er nådd


Fleire moglegheiter på turruter, minst mogleg på bilveg, til dømes:

- Barnehagen – Balvoll – Bø – barnehagen
- Barnehagen – Brekka (og vidare opp lia)

Deltraséar:

ID 226 Bødalen barnehage – Brekka

ID 227 Bødalen barnehage - Balvoll - Bø



Resultatmål 2: Minst ei turrute i umiddelbar nærleik til alle eldresenter, skular og barnehagar i kommunen, tilpassa deira bruk

Startpunkt: **Vik barnehage, avd. Vangsnes**

Ikkje noko forslag om tiltak


Resultatmål er nådd

Fleire moglegheiter på turruter, minst mogleg på bilveg, til dømes:

- Barnehagen – Bygdavegen – barnehagen
- Barnhagen – skogsvegen mot Høgretjørni og opp i skogen

Deltraséar:

ID 202 Sløyfa frå Bygdavegen via barnehagen på Vangsnes
ID 154 Vangsnes barnehage – Høgretjørni (delar)



Resultatmål 3: Betre tilrettelegging for nokre utvalde, krevjande turar

Startpunkt	Tiltak	Prioritering	Grunngjeving
Sutastien	Trappetrinn på enkelte parti Rydding av vegetasjon Skilting av p-plass på Vetleøyri 2 pilsilt for å komme inn på stien Plakat med QR-kode som viser til UT.no	1	Det er allereie eit eksisterande engasjement og delfinansiering i lokalbefolkninga om betre tilrettelegging på Sutastien, og Sutastien er aktuell for tilskotsordninga «Eg gjekk ein tur på stien». Tiltaket er også relevant i reiselivssamanheng og cruise
Lunde – Vidasethovden	Oppfrisiking av merking/skilting av stien til Vidasete	2	Betring av eit eksisterande tiltak
Engi – Jashaugbu	Vedlikehald og supplering med vardar	3	Betring av eit eksisterande tiltak
Djuvik – Kongshaug	Plakat med info om turen på UT.no på Øygarden (QR-kode)	4	Betring av eit eksisterande tiltak
Rambervarden	Turforslag på UT.no, plakat med QR-kode ved parkeringsplassen	5	Usikker om tiltaket let seg gjennomføre. Tiltaket er nr. 2 i hovudsoknet
Vatnane	ev. betre merking mellom Vatnane og Rosete	6	Betring av eit eksisterande tiltak. Lite handlingsrom for kommunen.



Resultatmål 3: Betre tilrettelegging for nokre utvalde, krevjande turar

Forslag tiltak for **Sutastien**:

- Trappetrinn på enkelte parti
- Rydding av vegetasjon
- Skilting av p-plass på Vetleøyri
- 2 pilskilt for å komme inn på stien
- Plakat med QR-kode som viser til UT.no

Eigedomsforhold: Krev grunneigaravtale

Miljøverdiar: berører ikkje, punktvis tiltak

Fordelar:

- Fleire tilskotsordningar (m. a. spelemidlar)
- Eksisterande engasjement og delfinansiering i lokalbefolkninga
- Kan ev. finansierast med midlar frå Vik hamn
- Ny p-pass ligg i høyringsutkastet for reguleringsplan Vetleøyri

Ulemper:

Relativ stor kostnad



Stølsheimen, Bergsdalen og Vossafjelli

Sutastigen

Middels krevende fottur

6.8 km (3 t)



Resultatmål 3: Betre tilrettelegging for nokre utvalde, krevjande turar


Forslag tiltak for **Lunde - Vidasethovden**:

Oppfrisking av merking. Løypa er allereie merka og skilta etter nasjonal standard

Eigedomsforhold: Ikkje noko grunn til å ikkje føreslå tiltaket. Skilte finnst grunneigaravtalar.

Miljøverdiar: berører ikkje, punktvis tiltak, unntak: villrein. Tiltaket er i strid dersom den kan fører til auka ferdsel, men sidan målgruppa er lokalbefolkninga vil ei auke vere minimal

ID 159 Lunde - Viasethovden





Resultatmål 3: Betre tilrettelegging for nokre utvalde, krevjande turar

Forslag tiltak for Engi - Jashaugbu:

Merking (med farge) som supplement til eksisterande varder, for å gjere det enklare å finne stien

Andre interesser:


Besøksstrategien for Nærøyfjorden landskapsvernområde:

1. styre ferdsel på sti, berre «enkel» tilrettelegging, t.d. god merking à tiltak ikkje i strid med besøksstrategien
2. urørt prega område, ikkje tiltak som aukar aktivitet à tiltaket (og mål 3) kan vere i strid, men sidan målgruppa er lokalbefolkninga vil ei auke vere minimal

Eigedomsforhold: Ikkje noko grunn til å ikkje føreslå tiltaket

Miljøverdiar: berører ikkje, punktvis tiltak, unntak: villrein. Tiltaket er i strid dersom den kan fører til auka ferdsel, men sidan målgruppa er lokalbefolkninga vil ei auke vere minimal

ID 160 Engi - Fresvikjordalen



Resultatmål 3: Betre tilrettelegging for nokre utvalde, krevjande turar

Forslag tiltak for **Djuvik - Kongshaug**:

Plakat med info om turen på UT.no på Øygarden
(QR-kode)

Eigedomsforhold: Bør sikrast samtykke frå grunneigar

Miljøverdiar: berører ikkje, punktvis tiltak



Resultatmål 3: Betre tilrettelegging for nokre utvalde, krevjande turar

Forslag tiltak for **Rambervarden**:

- Turforslag på UT.no
- Plakat med QR-kode ved parkeringsplassen i svingen

Eigedomsforhold: Plassering av plakaten treng grunneigarsamtykkje

Miljøverdiar: berører ikkje, punktvis tiltak, unntak: villrein. Tiltaket er i strid dersom den kan fører til auka ferdsel, men sidan målgruppa er lokalbefolkninga vil ei auke vere minimal


Andre interesser: Det er berre DNT (her: Vik turlag) som kan legge turforslag på UT.no, og det er stilt visse krav til turane.

Fordelar:

- Betre informasjon om ein av dei mest etterspurde toppturar i kommunen
- Når turforslaget ligg på UT.no er det mindre truleg at folk ikkje finn ruta

Ulemper:

- Stien til Rambervarden er ikkje merka eller skilta
- Det må avklarast om krava til turforslag på UT.no er oppfylte



Resultatmål 3: Betre tilrettelegging for nokre utvalde, krevjande turar

Forslag tiltak for **Vatnane**:


Betre merking mellom Vatnane og Rosete

Andre interesser: Det er styret for Stølsheimen landskapsvernområde som styrer merkinga

Ulemper:

Lite handlingsrom for kommunen, kan oppmode styret

ID 104 Tenne-Vatnane-Rosete-Nese



Samandrag: Forslag tiltak for å nå resultatmål



Vik kommune

Resultatmål 1: Minst ein tilrettelagt rundtur på veg, knytt til kvart bygdesentrum i kommunen

Resultatmål 2: Minst ei turrute i nærleik til alle eldresenter, skular og barnehagar i kommunen, tilpassa deira bruk

Resultatmål 3: Betre tilrettelegging for nokre utvalde, krevjande turar

Tur/Startpunkt	Tiltak	Resultatmål
Sylvringen	1. Ny deltrasé ned Hovereina og fram til Fv5601/gangvegen ved start Seljestokkane (Oksavollen) 2. Revurdere heilskapleg konsept for skilting 3. Kristianhus som start- og sluttpunkt for Sylvringen 4. Supplere med fleire sitjemoglegheiter langs Sylvringen	1
Hovsåsen rundt	5. Gapahuk/bålplass på Hovsåsen. 6. Erstatte retningsskilt i Kålhagen	1
Gamle Tennesvegen	7. Plakat med info om turen på UT.no	1
Feios kulturløype	8. Oppgradering av stien frå Osen til Kleivane 9. Vedlikehald/oppgradering av stien ved Sandgota 10. Legge turen på UT.no 11. Plakat med info om turen på UT.no	1
Vik helse- og omsorgssenter	12. Benker/sitjeplassar med jamne avstand som kvilepunkt	2
Feios oppvekstsenter	13. Ny trasé: Turveg Rinde	2
Sutastien	14. Trappetrinn på enkelte parti 15. Rydding av vegetasjon 16. Skilting av p-plass på Vetleøyri 17. 2 pilskilt for å komme inn på stien 18. Plakat med QR-kode som viser til UT.no	3
Lunde – Vidasethovden	15. Oppfrisiking av merking/skilting av stien til Vidasethovden	3
Engi – Jashaugbu	16. Vedlikehald og supplering med vardar	3
Djuvik – Kongshaug	17. Plakat med info om turen på UT.no på Øygarden	3
Rambervarden	18. Turforslag på UT.no, plakat ved parkeringsplassen	3
Vatnane	19. Betre merking mellom Vatnane og Rosete	3



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
064/20	Formannskapet	11.06.2020
037/20	Kommunestyret	25.06.2020

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Karen Weichert	K2-C29	20/218

Sti- og løypeplan for Vik kommune

Rådmannen si tilråding

Vik kommune startar opp arbeidet med ein sti- og løypeplan for kommunen.

Arbeidet skal utførast i samarbeid med det fylkeskommunale prosjektet «Plan for friluftslivets ferdsselsårer», og har som mål å betre kunnskapsgrunnlaget for planlegging, forvaltning og utvikling av stiar og løyper i Vik kommune.

Rådmannen får fullmakt til å organisere og styre arbeidet på den måten som er mest teneleg.

Formannskapet - 064/20

FS - vedtak:

Saka blir lagt fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Vik kommune startar opp arbeidet med ein sti- og løypeplan for kommunen.

Arbeidet skal utførast i samarbeid med det fylkeskommunale prosjektet «Plan for friluftslivets ferdsselsårer», og har som mål å betre kunnskapsgrunnlaget for planlegging, forvaltning og utvikling av stiar og løyper i Vik kommune.

Rådmannen får fullmakt til å organisere og styre arbeidet på den måten som er mest teneleg.

Samrøystes.



Kommunestyret - 037/20

KS - vedtak:

Vik kommune startar opp arbeidet med ein sti- og løypeplan for kommunen.

Arbeidet skal utførast i samarbeid med det fylkeskommunale prosjektet «Plan for friluftslivets ferdselsårer», og har som mål å betre kunnskapsgrunnlaget for planlegging, forvaltning og utvikling av stiar og løyper i Vik kommune.

Rådmannen får fullmakt til å organisere og styre arbeidet på den måten som er mest teneleg.

Samrøystes.

Vedlegg		
Dokument dato	Tittel	DokID
03.06.2020	Rettleiar - plan for friluftslivets ferdselsårer	204958

Kort samandrag

Vestland fylkeskommune har invitert kommunane til å delta i eit nasjonalt prosjekt for utarbeiding av ein plan for friluftslivet sine ferdselsårer (sti- og løypeplan). Dette er ei naturleg vidareføring av arbeidet Vik kommune gjorde med kartlegging og verdisetting av friluftslivsområde (ferdig i 2019) og det nasjonale turskiltprosjektet (2014-2018) knytt til merking, gradering og skilting av turløyper.

I fylgje handlingsplanen til den interkommunale kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde 2016-2027 har Vik kommune ansvar for utarbeiding av ein sti- og løypeplan for sitt område.

Vik kommune har fått løyvd eit tilskot på 60.000 kr til fyrste delen av arbeidet med sti- og løypeplanen.

Det er tilrådd politisk forankring av arbeidet med vedtak om oppstart.
Formannskapet har mynde til å gjere vedtak om oppstart.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Handlingsplan for friluftsliv. Natur som kjelde til helse og livskvalitet. Klima- og miljødepartementet 2018

Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde 2016-2027



Plan for friluftslivets ferdselsårer. Veileder M-1292/2019. Miljødirektoratet.

Saksopplysningar

Vestland fylkeskommune har invitert kommunane til å delta i eit nasjonalt prosjekt (2019-2023) for utarbeiding av ein plan for friluftslivet sine ferdselsårer (sti- og løypeplan), som mellom anna skal betre turveg, turstiar, turløyper og turløp i kommunane. Prosjektet er forankra i klima- og miljødepartementet si Handlingsplan for friluftsliv (2018) og skal betre kunnskapsgrunnlaget for forvaltning og planlegging. Sti- og løypeplanen er ei naturleg vidareføring av arbeidet Vik kommune gjorde med kartlegging og verdisetting av friluftsområde (ferdig i 2019) og det nasjonale turskiltprosjektet (2014-2018) knytt til merking, gradering og skilting av turløyper.

I fylgje handlingsplanen til den interkommunale kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde 2016-2027 har Vik kommune ansvar for utarbeiding av ein sti- og løypeplan for sitt område.

Miljødirektoratet har laga ein rettleiar (M-1292) der arbeidet med sti- og løypeplanen er delt i fire steg. Vik kommune har fått løyvd eit tilskot på 60.000 kr til arbeidet med dei fyrste to steg, oppstart og kartlegging av no-status. Det vil seinare bli høve til å søkje om meir tilskot til steg tre og fire, analyse og vurdering av tiltak samt samanstilling i plan.

Det er tilrådd politisk forankring av arbeidet med vedtak om oppstart. Formannskapet har mynde til å gjere vedtak om oppstart.

Prosjektet/arbeidet er planlagt å vere ferdig i 2023.

Rådmannen meiner fleire ting talar for at Vik kommune blir med i prosjektet som no er starta opp:

- Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde, som kommunen vedtok i 2016, seier at alle kommunar som er med i planen skal utarbeide sti- og løypeplan for sitt område i planen.
- Saman med dei kartlagde friluftslivsområda i kommunen vil planen danne eit svært godt kunnskapsgrunnlag i saker der det skal takast omsyn til friluftsliv. Dette prosjektet vil m.a. ha stor verdi som kunnskapsgrunnlag for revisjon av arealdelen til kommuneplanen og kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Det vil også vere relevant i samband med spelemiddelsøknader.
- Planen vil generere og ajourføre data til DOK-datasettet «Tur- og friluftsruter» som det i fylgje Geovekst-avtalen er kommunen sitt ansvar å halde oppdatert.
- Sidan dei kartlagde ferdselsårene, turrutene og målpunkt skal leggjast inn i kartverket sitt www.rettikart.no vil arbeidet føre med seg ei oppdatering av det generelle kartgrunnlaget for kommunen. Ei slik oppdatering er t.d. viktig når «turkart for Vik kommune» må reviderast og trykkjast opp på ny, ein prosess som står for tur i 2021.
- Kommunen får gratis rettleiing og rådgeving frå prosjektorganisasjonen på



fylkesnivået, og kan samarbeide med nabokommunane.

Økonomiske konsekvensar

Kommunen sitt bidrag vil vere arbeid med organisering og leing av arbeidet med innsamling av informasjon, analyse og vurdering samt skriving av sjølve planen. Tilskotsmidlane dekkjer ev. møtekostnader med referansegrupper og gjev også høve til å ev. lønne eksterne til å utføre deloppgåver i prosjektet.

Vurdering

Rådmannen tilrår vedtak om oppstart.

